

Retningsliner for leige av Fyresdal samfunnshus

1. All bruk av samfunnshuset skal på førehand avtalast med sentralbordet til Fyresdal kommune. Ein kan leige storsalen og veslesalen, med eller utan kjøkken.
2. Nyklar for utlån av bygg og utstyr blir utlevert i sentralbordet. Leige av stolar og bord avtalast i sentralbordet. Nyklane skal leverast attande så fort som råd etter at arrangementet er avslutta. Dersom dei leverast tilbake utanfor sentralbordet si opningstid, skal dei leverast i Fyresdal kommune si postkasse i næringshagen. Du finn postkassa på vestsida av bygget, mot reinseanlegget.
3. Leigetakar plikter å sette seg inn i dei til ei kvar tid gjeldande reglar. Opplæring i bruk av bygget skal gjennomførast ved underteikning av leigeavtale, før bygget blir teken i bruk av leigetakar. Opplæring blir gjeve i opningstida (arbeidstida) til kommunen. Kontaktperson i kommunen for opplæring i bruk av huset er Hilde Martini Momrak (95 27 09 05). Dersom reglane ikkje blir fylgde og dette fører med seg meir arbeid for kommunen, vil rekning bli sendt til leigetakar.
4. Leige av scene, lydanlegg og teleslynge må avtalast spesielt med klubbleiar Svein på 99 22 57 09 eller kulturskulerektor.
5. Alle som nyttar huset skal rydde etter seg:
 - a. Alt utstyr skal settast tilbake på rett plass etter bruk.
 - b. Bord og benkar skal tørkast av, og golvet skal feiast.
 - c. Fyresdal kommune har ansvaret for det daglege reinhaldet på vekedagar, men bruken av huset er ofte tett, både på dag- og kveldstid. Det er viktig at alle som kjem og skal nytte huset slepp å gjøre noko på førehand. **Dersom du skal leige huset i ei helg er det viktig å vite at golv og toalett ikkje er vaska etter klubbs på fredag kveld.**
 - d. Leigetakar står ansvarleg og er erstatningspliktig om noko blir øydelagt.
6. Ved arrangement skal avfall samlast i søppelsekkar og settast i «søppelhuset» på baksida av samfunnshuset. Nykel til søppelhuset heng på bøttekottet. Hugs å sett i nye søppelposar. Før ein forlèt huset er det viktig å gå ein runde å sjekke at alle vindauge og dører er lukka og låst.
7. Ved leige av kjøkkenet er det viktig at de:
 - a. Held orden, og set alt de brukar på plass att i rett hylle/skuff.
 - b. Tømmer søppel, og set i nye søppelposar.
 - c. Legg skitne klutar i byttene inne på byttekottet.
 - d. Tar med dykk eller kastar ALLE matrestar. Kjøleskåpet skal vere tomt. Berre ungdomsklubben skal ha ting lagra her.
 - e. Tømmer vaskemaskina for vatn og spyler ristene (sjå eiga brukarrettleiing for maskina) og vaskar vasken/reinskar alle silane.
8. Elles gjeld følgjande:
 - a. Veslesalen skal ikkje nyttast til trening. Ved balltrening i storsalen må ein nytte innekotball. Utesko eller sko med svarte solar skal ikkje nyttast i storsalen.

- b. Lageret i storsalen skal vere ryddig. Sjå eigen plansje på lageret for korleis utstyret skal plasserast.
 - c. For klatreveggen gjeld eigne reglar. Det er strengt forbode å klatre utanom organisert aktivitet.
9. Det er forbode å røyke i samfunnshuset (jf. § 6 i lov om vern mot tobakksskadar).
10. Samfunnshuset skal ikkje leigast ut til handelsverksemder som direkte konkurrerer med dei lokale forretningane.